

Positiv sesongstart for Harald Nilsen Tangen og G16-landslaget.

13.03.2017



Norge G16. Harald Nilsen Tangen nr.2 f.v. i fremste rekke.

Fotballtalentet Harald Nilsen Tangen, son til Rune Nilsen/Ragnhild Tangen og barnebarnet til Hjørdis og Harald Nilsen, har etablert seg som fast inventar på G16-landslaget i fotball. Sist haust meldte han også overgang fra SIF til Viking. Førre veka deltok G16-laget i fire nasjonars turnering i Nederland.

I turneringa møtte dei sterke fotballnasjonar som Romania, Nederland og Belgia. Alle desse landa har sterke lag på dette alderstrinnet. Det vart tette og jamne kampar og god matching for laga. I innleiingskampen vann Norge 2-1 over Belgia, før det vart tap med same same sifrane mot vertnasjonen Nederland. I siste kampen vart det igjen same resultat men denne gongen var igjen Harald og co. vinnrarar.

Alle spelarane i troppen fekk speletid, og Harald var blant dei som fekk mykje speletid. Han var i startoppstillinga i første og siste kamp, altså kampane laget vann, medan han kom inn etter rundt 60 minutt i kampen mot Nederland.

Med to sigrar av tre mogelege, var landslagstrenaren, den gamle stor spelaren Gunnar Halle godt fornøgd med samlinga og turneringa i Nederland.

– Alle lagene her nede var jevne, men Nederland kanskje best. Det var litt synd at vi ikke klarte uavgjort mot dem, men totalt sett er vi godt fornøyde med turneringen her. Vi gjør mange gode individuelle prestasjoner og som lag. I tillegg synes jeg gruppa har tatt noen steg på enkelte ting, så alt i alt en positiv start på 2017, sa Halle til fotball.no etter turneringa.

De kan lesa meir om turneringa ved å klikka [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Norges Fotballforbund.